



Naturvernforbundet

Sogn og Fjordane

Årsmelding 2023



Bilete: På rota utanfor Florø med Ryddegejing på Ryddeseilas frå Kurs KF, Naturvernforbundet og Fjordane friluftsråd.

INNLEIING:

Som styreleiar i Naturvernforbundet Sogn og Fjordane vil eg takke for godt samarbeid med styret. Det har vore lite høve til å møtast fysisk når vi bur spreidd i Sogn og Fjordane, og har difor gjennomført dei fleste av dei totalt 13 styremøta digitalt.



Det har vist seg at det ikkje er lett å få medlemmer til å delta som tillitsvalde i organisasjonsarbeid i Naturvernforbundet Sogn og Fjordane. Det er difor viktig å tenkje strategisk; informere, invitere og motivere nye medlemmer til å engasjere seg som tillitsvalde til styrearbeid.

For det nye styret kan det bli spennande å bli betre kjend med tidligare og nye styremedlemer og ”bygge teamet”. Styremedlemmer og tilsette vil truleg ha stor nytte av å møtast litt oftare til fysiske møter. Kanskje også legge inn trivselstiltak og sosiale møter der ein opplever støtte og samarbeid. Særleg når ein tenkjer på at det viktige styrearbeidet skjer på fritida i tillegg til sin eigen jobb.

Naturvernforbundet Sogn og Fjordane har hatt to tilsette. Prosjektkoordinator, Karoline Kristin Vognild, der engasjementstillinga vart avslutta 22.03.24., og har gått over i ny jobb i Fjordane Friluftsråd i Florø. Fylkessekretær Øyvind Kjærgård Masdal fortset i den faste stillinga si ut oppseiingstida si i samband med overgang til ny jobb hos Statsforvaltar i Vestland.

Det har vore eit travelt år med mange saker i Sogn og Fjordane som har vore aktuelle og framme i media lokalt, nasjonalt og internasjonalt. Rettssaka vedr. Førdefjorden var den mest omtalte. Dessverre vart det tap i Oslo Tingrett 10. Januar. Landsstyra i Naturvernforbundet og Natur og Ungdom vedtok at dei vil anke dommen, og har fått medhald i Borgarting Lagmannsrett i at saka vert send til EFTA-domstolen for rådgevande uttale, truleg med svar hausten 2024, før vidare handsaming i Lagmannsretten.

Dei mange lokale sakene og aktivitetar som er gjennomførte av Naturvernforbundet Sogn og Fjordane blir gjort greie for i Årsmeldinga og arbeidsgruppa Leve Førdefjorden. Deretter vil det bli rapportert om aktiviteten i lokallaga. Rapportane er vidare grunnlag for diskusjon som vi håpar kjem fram undervegs slik at Årsmøtete kan godkjenne den nye arbeidsplanen for 2024/25.

Møte blir avslutta med at valnemnda legg fram sine innstillingar til val av styre 2024/25.



Organisatorisk

Styret

Leiar	Rigmor Bjørkedal	
Styremedlem	Tone Larsen	
styremedlem	Jon Anders Stavang	
styremedlem	Håvard Grøteide	
Styremedlem 1. vara	Thorleif Jakobsen	
Styremedlem 2. vara	Anne-Line Thingnes Førsund	
3. vara	Geir Arne Solheim	

Valkomite:

Vibeke Johnsen, Bjarne Melvær Berge, Jorunn Elfrida Sandvik

Tilsette:

Øyvind Kjærgård Masdal	Fylkessekretær	Tilsett frå 12.12.2022, 100% i fast stilling.
Karoline Kristin Vognild	Prosjektkoordinator	Tilsett frå 06.02.2023 - 22.03.2024 100% i 1-årig engasjementstilling

Medlemmer

Naturvernforbundet Sogn og Fjordane (NNV SFJ) hadde per 20.04.2024 1018 medlemmer, mot 867 frå førre år, ein solid auke som nok kjem i anledning Førdefjordsaka og rettsaka, då dette var ei medlemsauke av nasjonalt omfang når dommen vart kjend. men ekstra stor auke i medlemmer her.

Økonomisk situasjon for fylkeslaget:

Den økonomiske situasjonen for fylkeslaget har forverra seg i 2023/24, men det vert arbeid for å betre den.

Fylkeslaget har mellom anna gått fra 2 til 1 tilsett, med kun fylkessekretær i fast 100% stilling. Fylkeslaget er avhengig av ytterlegare finansiering for å fullfinansiere stillinga resten av året. Mykje av drifta er avhengig av friske prosjektmidlar, og den økonomiske situasjonen er forventa å betre seg noko april/mai 2024 då det har blitt arbeidd for å sikre driftstilskot og friske prosjektmidlar vi venter på tilsagn til.

Alle utbetalingar frå konto går via Naturvernforbundet sentralt, då reknskapsfører tilsett der, utfører utbetalingar og fører rekneskapen vår.

Fylkesstyremøter og AU-møter

Miljøpolitisk Arbeid

Førdefjorden

Førdefjordsaka er høgste prioriterte sak på aktivitetsplanen for fylkesstyret, har hatt veldig stort fokus i mange år og aukande fram mot og under søksmål og rettssaka i sept 2023 og vidare inn i 2024. Det mykje omtalte Fjordsøkmålet, rettssaka, gjekk av stabelen den 18. September – 4.okt, der NU og Naturvernforbundet saksøkte Staten for utsleppløyvet gitt til dumping av gruveavfall i Førdefjorden. Naturvernforbundet Sogn og Fjordane har stått sentralt i saka gjennom heile året, med mange av våre medlemmer sterkt engasjert i saka på ulikt vis.

Dommen fall den 10 januar, og gav staten medhald på alle punkt. Avgjerdsla fekk stor nasjonal merksemd, og Landsstyra i Naturvernforbundet og NU bestemte seg for å anke dommen, som er forventa å gå til retten haust 2024. Nyeste utviklinga er at saka også skal behandlast i EFTA domstolen for rådgjevande uttale.

Leve Førdefjorden - gruppa:

Ei eiga arbeidsgruppe kring gruvesaka i Førdefjorden vart oppretta i juni 2022 med 2 medlemmer, Anne-Line og Tone, frå Naturvernforbundet Sogn og Fjordane sitt fylkesstyre, samt medlemmer frå andre organisasjonar og eldsjeler i saka, for å arbeide spesifikt mot denne saka.

Fylkesstyret gav "Leve Førdefjorden - gruppa" (LF) mandat til for fylkesstyret å ta ansvar for alt arbeid vedr Førdefjorden, inkl å halde fylkesstyret orientert og å ta opp i fylkesstyret saker som trong styrevedtak. Dette mandatet vart på nytt stadfesta i fylkesstyremøte sept 2023.



Dvs er det Leve Førdefjorden-gruppa som har stått for det omfattende lokale arbeidet for Førdefjorden, som dermed også vert fylkesstyret og fylkeslaget i Naturvernforbundet Sogn og Fjordane sitt arbeid, i tråd med årsmøtet 2023 sine prioriteringer.

Arrangement og ein del elles av arbeidet Leve Førdefjorden har stått for, er derfor lista i tabellen for fylkeslaget sitt totale arbeid.

Leve Førdefjorden (LF) har hatt møte kvar eller annankvar veke digitalt på kveldstid. Tone Larsen var leiar til haust 2023 og Åsmund Berthelsen leiar frå den tid, med Anne-Line Thingnes Førsund som gruppa sin talsperson og primus motor. Gruppa har også deltaking frå medlemmer frå andre organisasjonar, samt privatpersonar.

-Det har vore møter 2-4 gonger i månaden heile året, intensivert frå mai 2023 der gruppa også utgjorde samarbeidsforum med leiing/ sekretariat i Naturvernforbundet sentralt og dels NU. Utover at Anne-Line Tf sit i styringsgruppa for Fjordsøksmålet med leiinga i NNV, NU og repr frå sekretariatet, er det i dette samarbeidsforumet kampanjen rundt søksmålet vedr mediamerksemd og finansiering fortløpande er drøfta og gjennomført.

-Det er gjennomført store publikumsarrangement og arrangement der mange eldsjeler har medverka m.m.:

På Biblioteket i Bergen i april, 200 pers,

Landsstyremøte i Vevring / Førde i mars,

Ungdommens Miljøskute i juli, 200 pers,

to miljødebattar der Førdefjordsaka var sentral – i Førde og Bergen i aug,

-Aksjon Heile Førdefjorden rydda for plast, i sept,

-rekruttering av publikum og heiging til Ingegjerd symjer Førdefjorden i sept,

-deltaking ved oppstart av rettssak

-markering av pågåande rettssak i Førde,

-initiativ til møter mellom alle ledd lokalt og sentralt for konsolidering / scenarier ved dom og evt anke i rettssak.

-Mykje informasjonsarbeid via sosiale media, samt overfor journalistiske media, som har resultert i ei rekke mediaoppslag lokalt, nasjonalt og internasjonalt.

-Leve Førdefjorden - gruppa har fylgt Nordic Mining sin aktivitet på Engebø og varsla akutt forureining av fjorden, til kommunen og til alle andre med mynde i slike saker.

- 4 filmar på veg om Førdefjorden! Mykje informasjons- og tilretteleggingsarbeid for 4 filmproduksjonar, dokumentarar, 2 om Førdefjordsaka og 2 der Førdefjorden er ei av fleire miljøraker. Blir gode opplegg for vising og påfylgjande debatt, Leve Førdefjorden planlegg



slikt arrangement og Anne-Line TF har dialog med Asgeir Helgestad vedr opplegg rundt filmen "A call from the wild", truleg i sept, som vil høve godt som oppkøring ved EFTA – uttale m.m. Mange lokale har medverka praktisk.

-Halde kontakt med og informere Vevring-samfunnet og ei rekke andre støttespelarar og nettverk frå fjern og nær, inkl andre organisasjonar.

Forureiningsaker relatert til anleggsarbeid i Førdefjorden:

Akutt forureiningsvarsel, pga partikkelforureining frå anlegget til fjorden, vart sendt haust 2022 og vinter 23, til kommunen og alle andre med mynde i slike saker. Også sendt akuttvarsel i febr om partikkelforureining av Grytaelva og gytetfeltet på Redalsvikane. Haust 2022 vart det også av Naturvernforbundet varsla ulovleg handtering og spreining av asbeststøv, ved nedknusing av asbesthaldige tak på Engebø.

Naturvernforbundet viser seg å vere den instansen som melder forureining frå Engebø-anlegget. Vi har stilt krav om anleggsstans og tiltak og undersøking ved forureining og om klargjering av om/ kven som fylgjer opp at miljøkrava og lovverk vert fylgt.

Heile Førdefjorden rydda for plast!

I sept 2023 vart det av LF-gruppa ved Anne-Line TF og Atle K, samt plastkoordinator Karoline, Sunnfjordlaget og saman med ei rekke frivillige, arrangert rydding av heile Førdefjorden. Dette som ei rekke koordinerte ryddeaksjonar langs strendene av frivillege, for å sette fokus på Førdefjorden som ein rein fjord – og at den skal framleis vere rein.

Rydding av Førdefjorden var allereie planlagt før, men nasjonal kampanje frå NNV "Plukk for Førdefjorden" vart lansert og som då passa fint med vår ryddeaksjon.

Det vart rydda frå Flokeneset i sør, Askvoll kommune og heile fjorden inn og utatt til Horne i nord, Sunnfjord kommune. Flest vart med i båtar ut frå Vevring, dei fann også ein sau i sjøen og fekk redda den opp i levande live.

Det må særskildt nemnast at Atle Kirkebø i LF-gruppa åleine tok ansvar, vanskeleg å få med folk, for å rydde frå Holmevika og heile fjorden inn og utatt til Helle. I Erdalen fekk han hjelp av Grendalaget.

Totalt vart 1400 kilo plast fjerna frå strendene i Førdefjorden, rundballeplast, sprengingselement sannsynlegvis frå Engebø, tauverk og reminisensar frå oppdrett og fiskeri, emballasje og plastflasker m.m. Svært vellukka plastrydding av Førdefjorden!

Ingjerd Svømmer Førdefjorden



Ingjerd Haarstad tok initiativ, ho fekk også med seg Truls Gulowsen på 1. etappe, og Naturvernforbundet Sogn og Fjordane arrangerte for at Ingjerd Haarstad svømte Førdefjorden frå ytterst i fjordbassenget heilt til Førde sentrum. Turen vart gjennomført gjennom 9 etappar totalt, med oppslag i media ved oppstart, samt avsluttende arrangement ved scena ved Førde torg med apellar og talar.

Vindindustri

På bakgrunn av det store naturtapet Vindkraftutbygging på land medfører, har naturvernforbundet engasjert seg i aktuelle vindkraftprosjekt i fylket. Lokalt har fylkeslaget spesielt hatt fokus på det aktuelle Snøheia prosjektet som har blitt lansert.

Vi har arbeidd mot vindkraftutbygging i Snøheia gjennom 2023, og har hatt godt samarbeid med andre om dette. Naturvernforbundet har mellom anna hatt kontakt med motvind Sunnfjord og ytre Sogn om fleire møter og det er vedtatt av styret å bidra til finansieringa av ei gjennomført naturkartlegging frå BioFokus av Snøheia Fjellområde med kr 10 000.

Andre Naturvernsaker:

Gondolbane ved Kjøsnestfjorden:

Naturvernforbundet har engasjert seg mot utbygging av gondol ved Kjøsnestfjorden. Dette har vi gjort ved dialog med lokale motkrefter, hjelp oppretting av arbeidsgruppe mot gondol(eksternt frå Naturvernforbundet) og deltaking på ope folkemøte arrangert på Skei Hotell den 17.06.2023.

Amoniakkfabrikken på Holmaneset:

Den planlagte utbygginga på Holmaneset med amoniakkfabrikk har møtt mykje motbør grunna øydlegginga av det skogkledde neset samt ålegrasenger som finst i dei grunne sjøområda rundt neset som forsvinn ved ei eventuell utbygging. Dette er ein sårbar, viktig og sjeldan naturtype som må bevarast samt at prosjektet blir eit nytt storstilt industriprosjektet i fjordbassenget rundt Svelgen, som får yttarlegare belastning på naturområda og fjorden i eit allereie sterkt påverka område.

Vi har mellom anna delteke med høringsinnspel om motsegn til utbygginga via felles Høringsinnspel utsendt frå FNF:

<https://fnf-nett.no/uttalelser-horinger/wp-content/uploads/sites/19/2023/08/FNF-Frasegn-Holmaneset-Utkast-1.pdf>



Planer om vindturbinar på Snøheia, øyknusing og anna press på natur ved Florø / Kinn m.fl saker, har også hatt fylkesstyret si merksemd, samt er også informert om til Landsstyret og leiinga i Naturvernforbundet sentralt ved vår Landsstyrerepresentant.

Oppsummert aktivitet:

Aktiviteter i naturvernforbundet		dato
Varsel om akutt forureining Engebø	Omfattande partikkelforureining meldt frå Engebø meldt kommune, statsforvaltar, Miljødirektoratet	13.01. 2023
La Elva Leve Film og paneldebatt	<p>NNV SFJ arrangerte filmvisning i samarbeid med Førde Kino av filmen om Altakampen m.m. Paneldebatt med servering etterpå, ca 80 deltok.</p> <p>Panel med repr frå fylkesstyret og andre, med erfaring frå Alta, Gaula og Førdefjordkampen, samt samepolitisk leiar i Naturvernforbundet.</p> <p>Anne-Line og Tone ansvarlege og i panelet for fylkesstyret.</p>	08.02.2023
Landsstyret til Førde, Vevring	<p>Landsstyret sitt møte 10-12. m mars 2023, var i Førde og Vevring. Ansvarleg: Anne-Line Thingnes Førstund. I Vevring også vha 2 lokale NNV – medlemmer. Formål: Landstyret skulle få oppleve og lære om Førdefjorden.</p> <p>Heil dag i Vevring med tur på land og sjø.</p>	10-12.03.2023



	<p>Møte i Vevring med lokale innbyggjarar, for utveksling av synspunkt.</p> <p>Kveldssete for Landsstyret med lokal mat i Vevring, Steinhuset.</p>	
Årsmøte Fylkeslaget	Fjorårets årsmøte arrangert i Lisjesalen på Førdehuset, medfølgende sosialt på Peppes pizza Førde.	25.03.2023
Førdefjord-arrangement i Bergen, Bergen bibliotek	<p>Amalies Hage, ca 200 oppmøtte. Innleiing ved Anne-Line TF som også leia paneldebatt med AP, SV, R, V, MDG.</p> <p>Kulturinnslag v/ Gunnar Staalesen og Sliteneliten</p> <p>Samarbeidsarr mellom: NNV SFJ, NNV H, NNV sentralt og NU.</p>	27.04 2023
	Naturvernforbundet deltok på 2 møte med tilsette om planlegging av bydugnad i samråd med Sunnfjord kommune og rydding i byområda. Stilte med stand på ryddeaksjonen 10. Mai, med invitasjon til medlemmer om å delta. Deltok på evalueringsmøte i etterkant.	10.05.2023
Klesbyttedagen	Arrangerte klesbyttedag den 22. April på skywalken Alti Førde.	Onsdag 29.03 (stand) og 22.04.2023
Sykkelfiks	Arrangerte sykkelfiksing i samarbeid med Erdal sport om sykkelverksted på skoleplassen ved Slåtten skule.	04.05.2023
Bydugnad - vakrare Førde	Tilsette deltop på 2 planleggingsmøte 20.04, 02.05 og ved gjennomføring 10.05. Evaluering den 16.05.	10.05.2023
Stand på førpremiere Birk og Magna;gruvens hemmelighet	I lag med andre aktørar var Naturvernforbundet Sogn og Fjordane på	17.05.2023



	plass med stand utanfor Førde Kino på førpremiæren. Representanter	
Infomøte ved Nordic Mining Sunnfjord Hotell	- Representanter frå NNV SFJ og Leve Førdefjorden gruppa, samt NU, var til stads på infomøte ved Nordic Mining angående gruveprosjektet i Engebø.	24.05.23
Arbeid kring gondolbane jølster	Representanter frå NNV SFJ var med på møte på Ungdomshuset på Eikås vedrørande Gondolbane i Kjøsnesfjorden.	25.05:2023
Ungdommens Miljøskute til Vevring og Førdefjorden	I samarbeid med Natur og Ungdom, stort arrangement i Vevring med sjømatbord og kulturinnslag. Innleiing v/ NU og Anne-Line TF. Paneldebatt med AP, SV, R, V. Derpå konsert. Ca 200 frammøtte. Ansvarlege: NNV SFJ / LF v/ Anne-Line Thingnes Førsund	02.06.- 02.072023
Digitalt møte med Motvind	Digitalt møte med fylkesleiar og tilsett med Motvind Sunnfjord og Ytre Sogn angående utbyggingsplaner på Snøheia og den planlagte Naturkartlegginga av området utført av Biofokus.	07.06.2023
Infomøte Skei hotell vedr. Gondolbane i Kjøsnesfjorden	Folkemøte på Skei Hotell vedr. Gondolbane. Medlem og Representanter frå NNV SFJ deltok.	13.06.2023
Miljødebatt	Miljødebatt 17. August kl 18 i Førdehuset, med partia Rødt, SV, AP, KRF, MDG, SV og Høgre. Innleiing og debattleiing: Tone Larsen, Jon Anders Stavang og Anne-Line Thingnes Førsund.	17.08.2023



	Fagleg innleiing om Samanhengen mellom Natur og klimakrisa, frå forskar Siri Vatsø Haugum.	
Miljødebatt Bergen	På Litteraturhuset i Bergen, i samarbeid med Naturvernforbundet Hordaland. Innleiingar av Anne-Line Thingnes Førstund og Tom Skauge, derpå leia dei paneldebatt med samtlege fylkeslistetoppar. Møtet vart strøyma.	29.08.2023
Botanisk vandring i Florø, Sørstrand	For fylkeslaget initiert og gjennomført av Anne-Line Thingnes Førstund i samarbeid med Naturvernforbundet i Kinn og Sørstrand Folkepark. Siri Haugum, botanikar m.m. innleigd fagkunnig på vandringa. 90 deltok	19.08.2023
Oppstart Ingjerd svømmer Førdefjorden	Oppstart av symjing med oppmøte frå NNV, NU og lokale i Vevring. Intervju med mellom anna NRK.	14.09.2023
Ingjerd Svømmer Førdefjorden	Planla, arrangerte og gjennomførte 9 etapper fra ytterst i fjordbassenget til Førde sentrum. Fylkessekretær fulgte som følgekajakk, med assistanse fra Prosjektkoordinator. Desse symde del-etapper for Førdefjorden; Truls Gullowsen, Marte Haave, Gaute Velle, Ludvik Slettehaug og Terje Franklin-Alming. Styreleiar i Sunnfjordlaget Sølvi Catrin Hestvik med fleire var følgebåt ytst i Førdefjorden. Sjå også årsrapport for plastjakten Sogn og Fjordane.	14.09- 23.09.2023
	23.sept Markering av pågåande rettssak om Førdefjorden -Velkommen og leiing av markeringa, ved Rigmor Bjørkedal. -Ingegjerd Haarstad kom i land etter å ha symt heile Førdefjorden inn, saman med marinbiolog Terje Franklin-Alming på siste etappe, i drypande våtdrakter: Forteljing frå Ingegjerd om motivasjonen for og opplevinga av fjordsymjinga. Apellar frå	23.09.2023



	<p>begge om kvifor det er viktig å halde havet og Førdefjorden rein og fri for gruveavfall.</p> <p>-Oppdatering frå pågåande rettsak og oppsummert dei lange linjer i 16 års kamp for Førdefjorden, med takk for enormt engasjement frå alle fjordvenner så langt, ved Anne-Line Thingnes Før Sund.</p> <p>-Politiske apellar ved Åsmund Berthelsen SV, Marius Dahlin MDG og Pall Hannesson R.</p> <p>-Ungdomsapell frå Eirin Støfringsdal, NU.</p> <p>-Musikalske innslag ved Hallvard Husefest.</p> <p>-Utlodning av treskåler frå Øyvind Haram, til inntekt for Fjordsøksmålet</p>	
Start rettsak Fjordsøksmålet	<p>Rettsaka om utsleppsløvet til Førdefjorden gjekk 18.sept - 4.okt.</p> <p>Til stades:</p> <p>Tone Larsen (2 første dagar), Åsmund Berthelsen (2 første dagar) og Anne-Line Thingnes Før Sund (3 første dagar).</p>	18., 19, 21. 09.2023
Ryddeseilas	<p>Ved prosjekttildeling frå Handelens miljøfond kunne Naturvernforbundet arrangere ryddeseglas 9.13. oktober i Kinn kommune med base i Florø. Med oss hadde vi medlemmer, Fjordane friluftsråd som samarbeidspartner, United World College, In the same boat og Kurs KF med oss til å Rydde.</p>	9.10- 13.10.23
Tilsettsamling Oslo	<p>Tilsette deltok på ansattsamling i Oslo ved Naturvernforbundet sentralt.</p>	17.09.2023
Plukk for fjorden/ rein Førdefjord	<p>Heile Førdefjorden vart rydda for plast av mange frivillige i fleire dugnadar. Totalt 1400 kilo. Landsbruksplast, oppdretts- og fiskeriplast, sprengplast truleg frå Engebø, emballasje og flasker m.m. Svært vellukka ryddeprosjekt!</p>	09.10.2023



Kystdagen i Florø på Kysmuseet	Karoline / Rigmor -Naturkasse med fokus på plast i naturen.	17.09.2023
Møte om komande dom i rettssak	Møte initiert av LF, med NNV SFj, NNV Sunnfjord og NNV sentralt. Alle lokale ledd konsolidert om stor feiring, evt at dom må ankast.	27.11.2023
Juleverkstad i Stallgata (Plastfri Jul)	Karoline / Rigmor deltok med stand og juleverkstad med bivokslyslaging 1.-3. desember.	1,-2,- 3.12.2023
Juleverksted på Sande	fylkeslaget og Midtre Sunnfjord Husflidlag (MSH) juleverksted på Sande skule, med tema «plastfri jul».	07.12.2023
Juleverksted på Eid	Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane, Naturvernforbundet Nordfjordeid og Om att (Anne-Malin Sørland Aase) juleverksted med temaet «Grøn og plastfri jul».	07.12.2023
Juleverksted i Aurland (plastfri jul)	Juleverksted arrangert av Naturvernforbundet indre sogn. Ved Sogn jord og hagebruksskule for 30-40 deltakare.	

Prosjekt Plastjakten Sogn og Fjordane

Karoline Kristin Vognhild har vore tilsett gjennom 2023 og ut i 2024 som prosjektkoordinator for Naturvernforbundet si satsing Plastjakten, som har omfatta store delar av den totale aktiviteten til Naturvernforbundet Sogn og Fjordane. Karoline har også bidratt stort til at mykje av dei andre prosjekta og aktiviteten til Naturvernforbundet Sogn og fjordane har latt seg gjennomføre på best mogleg vis.

13



Naturvernforbundet
Sogn og Fjordane

Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane, Hafstadvegen 34, 6800 Førde
sognogfjordane@naturvernforbundet.no naturvernforbundet.no/sognogfjordane

Aktiviteten til Plastjakten prosjektet er beskrevet i større detalj i Plastjakten sin sluttrapport: som eit eige årsmøtedokument.

Samarbeid i og for Naturvernforbundet:

Naturvernforbundet har jobba bra som organisasjon i 2023 med tanke på samarbeid med Naturvernforbundet sentralt og i samtale med andre organisasjoner.

Det har vore arbeid godt mot sentralt på fleire område i 2023. Det har vore tett kontakt med Naturvernforbundet sentralt mellom anna i Førdefjord saka, mellom anna kom sentralstyret for naturvernforbundet til Vevring for orientering om den kommande rettsaka. Det har vore tett kontakt med Leve Førdefjorden Arbeidsgruppa om rettsaka heile året, samt fleire store publikumsarrangement og store lokale bidrag av frivillige og mykje arbeid for og medverknad til å skaffe finansiering av rettsaka. Mykje informasjon er gjeve via breie sosiale media, ved Anne-Line TF lokalt og frå NNV sentralt.

Verd å merke seg er det store lokale engasjementet for å samle inn midler til Fjordsøksmålet. Med donasjonar frå både lokallag og fylkeslag.

Representasjon i nasjonale verv i Naturvernforbundet / samarbeid:

-I **Landstyret** for Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane: Anne-Line Thingnes Før Sund, med vara Jon Anders Stavang.

-**Styringsgruppa for Fjordsøksmålet**: Anne.Line Thingnes Før Sund

-**Gruveutvalet** nasjonalt: Anne-Line Thingnes Før Sund

-**Nasjonal valkomite**: Jon Anders Stavang, leiar. Arbeid fram mot Landsmøtet 2024.

Naturvernforbundet Hordaland:

Prosjekt sirkulær plast

Det har blitt samarbeidd med Hordaland sitt fylkeslag for å få til eit plastprosjekt med fokus på resirkulering av plast, med mål om å få oppretta nye verdikjedar for plastavfall til å bli nye plastprodukt. Det vart mellom anna samarbeidd frå kontoret i Sogn og Fjordane og Hordaland om felles søknader til Handelens miljøfond og Sparebankstiftninga Sogn og Fjordane for finansiering til eit felles prosjekt på tvers av gamle sogn og Fjordane og Hordaland. Dessverre nådde ikkje søknadane opp. Hordaland har derimot fortsett arbeidet og spelt det inn til Bergen Næringsråd og vestland fylkeskommune og fleire aktørar har vist

14



interesse, og held Sogn og Fjordane orientert om utviklinga og moglegheit fortsatt samarbeid.

Oppdrag Blomstereng

Naturvernforbundet Hordaland har initiert eit prosjekt for skuleklassar om å forvandle grasplenar til blomsterenger frå ville blomsterfrø. Les gjerne meir her:

<https://naturvernforbundet.no/hordaland/oppdrag-blomstereng/>

Naturvernforbundet Hordaland ynskjer å utvide prosjektet til andre regionar, og har invitert Naturvernforbundet SFJ til å ha delta, og er eit mogleg prosjekt Naturvernforbundet kan ta del i å administrere for vår region vidare i 2024.

Fjordane friluftsråd

Naturvernforbundet har hatt eit godt samarbeid med friluftsrådet på fleire område. Gjennom skuleturne for havet gjennom Plastjakten har Prosjektkoordinator i samarbeid med friluftsrådet gjennomført reiser, skulebesøk og plastrydding i skulane sitt nærområde for 30 klasser med 558 elever. På ryddeseglas stilte Fjordane friluftsråd med kompetanse og hjelp til gjennomføring og avfallshåndtering under seglaset.

Så langt i prosjektåret 23/24 (juni 2023-mars 2024), har vi hatt opplegg med 30 klasser, hvorav 16 klasser som hadde undervisningsopplegg. Kombinert tilsvarer det 658 elever. Det har blitt plukka 2153 kg marin forsøpling på en strandlinje tilsvarande 7089 meter.

Motvind

Det har vore god dialog med Motvind Sunnfjord og ytre Sogn, og det har mellom anna vert orientert om møter frå motvind og informasjon og invitasjon til motvind sine representanter ved arrangement som debattar og arrangement frå oss.

Naturvernforbundet Sogn og Fjordane sin aktivitet gjennom Forum for Natur og Friluftsliv:

Innspel arealdel Sunnfjord Kommune

https://fnf-nett.no/uttalelser-horinger/wp-content/uploads/sites/19/2023/03/2365_Innspel-til-sunnfjordkommune_arealdel_FNF-1.pdf

Høyringsfråsegn holmaneset:

<https://fnf-nett.no/uttalelser-horinger/wp-content/uploads/sites/19/2023/08/FNF-Frasegn-Holmaneset-Utkast-1.pdf>



Høringsfråsegn Måsholmen

<https://fnf-nett.no/uttalelser-horinger/wp-content/uploads/sites/19/2024/04/Frasegn-FNF-Masholmen-Kinn-PlanID20220102.pdf>

Fråsegn til konsesjonssøknad om ny 132 kV kraftforbinding til Florø

<https://fnf-nett.no/uttalelser-horinger/wp-content/uploads/sites/19/2023/11/Frasegn-Saksnummer-202205063-FNFsfj.pdf>

Fråsegn til søknad om anleggsarbeid og utfylling i sjø ved Skårastranda, Kinn kommune

<https://fnf-nett.no/uttalelser-horinger/wp-content/uploads/sites/19/2024/04/Skarastranda-Maloy-utfylling-i-sjo-frist-1803.pdf>

Fråsegn til arbeidet med frivillig skogvern på Svanøy i Kinn Kommune

<https://fnf-nett.no/uttalelser-horinger/wp-content/uploads/sites/19/2024/04/Innspel-til-frivillig-skogvern-Svanoy-FNF-SFJ.pdf>

Fråsegn og medieoppslag:

Bydugnad 10. Mai

<https://www.firda.no/kallar-inn-til-storstilt-dugnad-bli-med-a-gjere-forde-vakrare/s/5-15-1563193>

Ingjerd svømmer Førdefjorden

<https://www.firda.no/medan-rettssaka-gar-i-oslo-kjempar-ingjerd-pa-sin-eigen-mate/s/5-15-1624357>

Symjing og Fjordsøksmålet

<https://www.tv2.no/nyheter/innenriks/saksoker-staten-utrolig-vondt/16054447/>

Avslutning av Symjing i Førde Sentrum

<https://www.firda.no/no-er-ingjerd-endeleg-i-land-eg-har-sumt-med-tungsinn-i-symjetaka/s/5-15-1629294>

Nrk oppslag om rettsaka og symjing:

<https://www.nrk.no/vestland/i-dag-startar-rettssaka-om-gruveslam-i-fjorden--dette-er-striden-1.16559043>



Juleverkstad på Eid:

<https://www.fjordabladet.no/nyhende/i/onrQdR/vi-gjer-det-vi-kan>

Pengeinnsamling til Fjordsøksmålet:

<https://www.firda.no/fjordsoksmålet-har-samla-inn-narare-tre-millionar-kroner/s/5-15-1639939>

Byda på barikadene:

<https://www.vg.no/nyheter/innenriks/i/wAj17L/vevring-bygda-paa-barrikadene-mot-gruveplanene>

Aktivitet frå 01.01.24 til årsmøtet 20.04.2023

- 10.januar. Dom i Førdefjordsaka.

***Arrangement i Vevring for lokale støttespelarar.** TV2 og BT der. Mange oppmøtte, som i fellesskap såg strøyming av dommen frå NNV i Oslo

LF v / Anne-Line TF, Atle Kirkebø og Ole Erik Thingnes.

***Arrangement i Oslo**, pressekonferanse m.m., der Truls Gulowsen og Gytis Blacevicius orienterte om dommen.

Anne-Line Thingnes Før Sund deltok frå Styringsgruppa for søksmålet og som repr frå Landstyret, fylkesstyret, LF-gruppa og talsperson i Førdefjordsaka. Frå LF-gruppa deltok også Åsmund Berthelsen. Sunnfjordtilknytt fjordvenner i Oslo møtte også, utover folk frå NNV og NU.

-Møte om Førdefjorddommen, januar 2024, initiert av LF-gruppa, saman med NNV SFJ, NNV Sunnfjord og NNV sentralt.

-Febr. Varsel om akutt forureining av Grytaelva og gyteplassen for kysttorsk på Redalsvika meldt til Sunnfjord kommunen, Statsforvaltaren, Miljødirektoratet, Fiskeridirektoratet, Havforskningsinstituttet. Forureining forårsaka av gravearbeid oppe i landskapet av Nordic Mining. Kravet i brevet var stans i arbeidet, undersøking av konsekvensar / skadeverknad, at det vert opplyst korleis "strenge miljøkrav" vert oppfylgt, at kommunen må opprette akutt nummer for forureining / skade på natur og ha beredskap for dette. Oppslag i Firda og på NRK.V/ Anne-Line Thingnes Før Sund. Kommunen bad NM svare, dei opplyste å ha stansa arbeidet.



-Planlagde prosjekt og søkte midlar:

-Stølsprosjektet

I anledning naturgledeprosjekt har det vore Forskjellige enkeltstående arrangement basert på Naturglede arrangement. Stølsprosjektet er eit prosjekt vi har så langt fått bevilga kr 80 000 til. Prosjektet tar for seg turar til dei ulike stølsområde i Sunnfjord området (i 1. omgang) der det blir fortalt undervegs om kulturlandskap, historie, samt biologi og naturgeografi, med fokus på å lage kjekke oppleving for turdeltakarane.

Søkt Sparebankstiftinga og søkt NNV sentralt. Innvilga 80.000 frå NNV sentralt.

-Fjordprosjekt. Samle kunnskap om og feire verdiane i fjordane. Foreslått av Anne-Line Thingnes Førund, som med støtte i fylkestyret har arbeidd ut søknadsskisse og sondert med aktuelle organisasjonar for samarbeid. Prioritert til neste søknadsfrist av fylkestyremøtet i marsmøtet. LF vil kunne ta ansvar.

-Rydde Florø - land og strand. Foreslått av, og på bakgrunn av styrevedtak i april møtet, utarbeidd projektskisse av Anne-Line Thingnes Førund, som så har kontakta ordførar og skuleleiing i Kinn, som stiller seg positive og har signert intensjonsavtale. Føresett samarbeid med Kinnlaget som ho også hatt dialog med. Handelens Miljøfond er søkt, svar venta sist i april.

- Steinbrotet på Aksla, utskipingskai ved Frøysjøen. Naturvernforbundet Sogn og fjordane har engasjert seg i saka kring steinbrotet på Aksla. Vi meiner at det planlagde steinbrotet har potensiale for sær negative konsekvensar for både kultur- og naturverdiar, då tiltaket rammar bl.a. raudlista regnskog og ligg i eit kystlandskap som også rommar ikonisk naturfenomen som Hornelen og kulturminneverdiar i Vingen, landets 2.største helleristingsfelt. Fylkestyret har vedteke å gje løyve til at eit juridisk dokument utarbeidd for mogleg omregulering m.m. i Førdefjordsaka, kan nyttast som grunnlag i Aksla-saka.

-Vising av film / filmar som kjem, med filmskaparsamtale og debatt haust 2024?

Anne-Line TF / LF har kontakt med filmskaparane, der fleire allereie innstilt på å medverke.

